


Slåtten er i gang.

12.06.2013



Bjergulv er godt fornøgd med at slåtten endeleg er i gang.

**Slåtteonna er no komen i gang i Uskedalen. Flaten i sentrum av bygda der Bjergulv Eik driv, er no slått av. Etter den kalde vinteren og lange kuldeperioden utove våren, er det naturleg nok seinare enn normalt.**

- Det er ca. 2 veker seinare enn vanleg, seier den 80-årige spreke bonden. Det er Stian Haugland frå Hauggland Maskin som har stått for slåinga av hovudflaten. Dette foret vert dermed samla i siloballar. Bjergulv sjølv tar seg av kantar og eit mindre område. Til dette nyttar han forhaustar.

Bjergulv slutta av med mjølkekyr for nokre få år sidan, men han har framleis både kalvar og stutar i fjøset heime på Eik.

Foto: Thor Inge Døssland.



Bjergulv tar seg av noko av slåtten sjølv med John Deer'en sin og forhaustar.